

Protokoll
Styremøte nr. 4/2017
Norges Friidrettsforbund
Quality Hotel Edvard Grieg, Bergen
24. mars kl 15.00

Tilstades: Tore Hordnes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Monica Grefstad Frøynes, Atle Guttormsen, Anne Farseth, Ellen Strøm Juliussen, Svein Arne Hansen og Stine Haugum.

Referent: Narve Heggheim

Frå sentraladministrasjonen: Narve Heggheim, Berit Nøbben sak (29, 30) Ole Petter Sandvig (sak 30,31,32)

Saksliste for styremøte 4-2017:

- Sak 28/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå styremøte
- Sak 29/2017 Regnskap 2017
- Sak 30/2017 Friidrettstinget-fordeling av oppgåver
- Sak 31/2017 Valgkomite for tinget 2019
- Sak 32/2017 Hovedterminliste 2018
- Sak 33/2017 Innstilling til satsar for spelemidlar 2018 til friidrettsanlegg

Sak 28/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå styremøte

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjent

Sak 29/2017 Regnskap 2017

Regnskap og prognose vart presentert og drøfta. Prognose pr 15. mars indikerer eit underskudd på kr 769.962 som er identisk med budsjett.

Vedtak: Styret tok orienteringa til etterretning

Sak 30/2017 Friidrettstinget-fordeling av oppgåver

Styret og administrasjonen gjekk gjennom køyreplan for tinget og fordelte arbeidsoppgåver.

Sak 31/2017 Valgkomite for tinget 2019

Styret innstiller valgkomitè til tinget og denne blir valgt av tinget.

Vedtak: Styret innstiller følgjande til valgkomitè til Friidrettstinget 2019:

Øyvind Røberg, Sandnes IL, leiar

Pål Christian Evensen, Østfold FIK/ Sarpsborg IL

Stine Haugum , Strindheim IL

Hilde Osnes, IL i BUL

Synne H Berteussen, Oppstad IL (ungdomskandidat)

Sak 32/2017 Hovedterminliste 2018

Styret drøfta utfordringar med hovedterminlista 2018. Undersøkelse vedr plassering av UM innandørs vart presentert.

Vedtak: Basert på drøftingane i styret får administrasjonen fullmakt å plassere dei ulike meisterskapa i hovedterminlista.

Sak 33/2017 Innstilling til satsar for spelemidlar 2018 til friidrettsanlegg

Styret fekk presentert innstilling frå NIF om endringar i satsane for spelemidlar til anlegg. Både friidrettshallar og utandørs friidrettsanlegg får betydeleg auke om forslaget vert endeleg vedteke.

Møtet slutt 17.00